

Gjemnes kommune
 Nordmørsvegen 24
 6631 Batnfjordsøra

25.03.2020

post@gjemnes.kommune.no

Høyring – framlegg til planprogram for kommuneplanens samfunnsdel og kommunens planstrategi

Gjemnes kommune har vald å slå saman arbeidet med fornying av planprogram for kommunens planstrategi med oppstart av arbeidet med kommuneplanens samfunnsdel.

Vår kommentar:

Det er muleg at ei slik samanslåing er praktisk reint administrativt. Vi meiner imidlertid at ei slik samanslåing kan forsterke den allmene framandgjeringa av planprosessane. Dette fører til at det kun blir eit fåtal som ser samanhengane i planarbeidet, noko som igjen medfører eit større demokratisk underskot i kommuneplanarbeidet. Vi foreslår at samanslåinga i etterkant blir evaluert i lys av dette.

Kommunens planstrategi

Dette skal vera eit verktøy med det formål å klargjera kva planoppgåver som bør startast opp eller vidareførast i kommunestyreperioden. Planstrategien er ikkje ein plan der ein tek stilling til mål og strategiar, men ein arena for å drøfta utviklingstrekk i kommunen og peika på hovedutfordringar. Ved å definera kommunens planbehov kan ein gjennom tidleg prioritering effektivisera den vidare planprosessen. Det er tenkt at planlegginga på denne måten blir behovsstytt og ikkje gjort meir omfattande enn naudsynt.

Våre kommentarar:

- 1) *Gjemnes kommune er i utakt med normalt planleggingsmønster når kommuneplanens arealdel vart rullert i 2019 og samfunnsdelen blir rullert i 2020. Vi saknar ein omtale og forslag til strategi i forhold til dette.*
- 2) *Klima bør inn som eige tema i kommuneplanens samfunnsdel. Gjerne også i form av eigen temoplan eller handlingsplan.*
- 3) *Det må vurderast korleis sikker matforsyning og matberedskap i større grad bør vektleggjast som ein del av beredskapen.*
- 4) *Gjemnes er ein landbrukskommune. I løpet av dei siste 10 åra har det ifølge statistikk frå Statens Landbruksforvaltning blitt 1000 da mindre dyrka landbruksjord i kommunen. (Søknader om produksjonstilskot.) Vi saknar at det i plansamanheng blir lagt opp til å visa kva konsekvensar dette får.*

Planprogram samfunnsdel kommuneplan

Planprogrammet skal visa korleis prosessen i kommunen er tenkt gjennomført for at ein skal koma fram til ein ferdig samfunnsdel av kommuneplanen. Målet med planprogrammet er å legga til rette for ein open diskusjon om kva premisser og rammer som skal vera styrande for planarbeidet og kva utredningar som skal lagast. Planprogrammet skal som minimum omfatte fem hovedpunkt. Dette er ein omtale av målet med planarbeidet, informasjon om

planprosessen med fristar og deltarar, samt opplegg for medverknad, omtale av kva alternativ som vil bli vurdert og kva utgreiingar som trengst.

Vår kommentar

Planprogrammet seier ingenting om prosessen ut over faste krav knytt til behandling i formannskap og kommunestyre. Vi saknar tiltak for ein meir open diskusjon og allmen medverknad.

Kommentarar til grunnlag for planarbeidet

Vi vil gjerne minna om følgjande:

1)Regionalt jordvernål

Vi erfarer at det ofte blir tatt for lett på utfordringa som ligg i å unngå nedbygging av dyrka og dyrkbart areal. Nedbygging av areal er langt på veg ein irreversibel prosess og ei stor utfording både internasjonalt, nasjonalt og lokalt. I 2015 vedtok Stortinget *nasjonal jordvernstrategi*, der målsetjinga er at det ikkje skal omdisponerast meir enn 4000 da pr år på landsplan. Fylkestinget i Møre og Romsdal vedtok i 2017 *Landbruksmeldinga for Møre og Romsdal 2017 – 2021*, der det heiter at Møre og Romsdal som minstemål må ta sin relative andel av dette, med ca 200 da pr år.

2)Nasjonal jordvernstrategi

Vi viser til brev frå landbruks- og matministeren til kommunane av 1.10.2018.

Her blir det m.a. vist til *revidert nasjonal jordvernstrategi*, der målet er at omdisponeringa av dyrka jord må ytterlegare reduserast. Vidare heiter det m.a. at *landbruks arealressursar generelt må sikrast* og at det må gjerast konkrete vurderingar i forhold til jordvern i kvar reguleringssak. Det må m.a. gjerast vurderingar i forhold til verdi, konsekvensar og overordna planar.

3) Ingen automatikk i utviding av eksisterande utbygd areal

Fleire stader er det klar konflikt mellom jordvern og andre samfunnsmønster, t.d. bustadføremål. Vi vil i denne samanhengen peika på at det ikkje må vera automatikk i at eksisterande bustadareal skal kunne utvidast. Vi vil særleg peika på at ein del eksisterande bustadområde ikkje burde ha blitt utbygd. Då vil det vera heilt feil å halda fram med denne utbygginga. Det er viktig å vurdera langsiktige og indirekte verknader for arealbruk og klima dersom det vert opna for utbygging.

4)Matjord er verna

Gjennom Jordlova, og ikkje minst i dagens diskusjon om miljø og klima, vert det lagt stor vekt på at dyrka og dyrkbart areal er ein ressurs for matproduksjon og miljø for framtidige generasjonar. I den lokale diskusjonen om arealbruk vert det imidlertid ofte trekt fram argument som t.d. at jord ikkje blir hausta eller at situasjonen til dei som eig jorda tilseier at jorda bør kunne takast i bruk til andre formål. Til dette må vi klart understreka at matjord er verna og skal vera ein mat- og klimaresurs for framtidige generasjonar. Eigarforhold og personleg situasjon skal ikkje takast i betrakning i planleggingsprosessar.

Med helsing

JORDVERN MØRE OG ROMSDAL